



Kristian Bringedal ( leiar ) og Gaute Lund( skriivar ) på stand på EUROSPAR, Rosendal

**Kvinnherad mållag, som også har ein del uskedelingar i medlemsflokket, hadde i dag markering med stand der dei serverte kake og leverte ut informasjonsmateriale i Rosendal og på Husnes. Dei markerte at det er 130 år sidan Fjelberg kommune innførte nynorsk som tenestemål, som den første kommunen i landet.**

Elles var dette ein god dag for det lokale mållaget. I kommunestyremøtet i kveld vart det vedteke at det skal lagast ein målbruksplan i kommunen. Bakgrunnen for at denne saka kom opp var ein interpellasjon frå Gaute Lund i førre kommunestyremøtet. Denne planen vil seia noko om nynorsk som kommunalt tenestemål og kva som må til for å styrkja nynorsk i alt skriftleg tilfang i kommunen. Dette gjeld både i skule og barnehage, saksutgreiing, skilting og informasjon, også nettsida til kommunen for å nemna viktige felt.

Målaget arbeider også for å styrkja nynorskbruken mellom næringsdrivande i kommunen. Eit av tiltaka er at det kvart år deler ut målblomen. Tre Uskedalsverksemder er mellom dei som har fått den. Det er Byggeriet Uskedal trelastlager AS, Br. Hjørnevåg AS og SparUskedalen.

Her kan de lesa om verdas første nynorskommune på [Noregs mållag si heimeside](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Morten Nygård